



Romarheim AS
Alvervegen 25
5911 ALVERSUND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2463 - 18/33612

Saksbehandlar:

Tone Margrethe Berland Furustøl

tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:

07.11.2018

Avslag på søknad om dispensasjon for etablering av mellombels veg frå Galtertåsen til Alver næringsområde- gbnr 137/469 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 604/18

Tiltakshavar: Romarheim AS

Søknadstype: Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl.) § 19-1

Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon for etablering av mellombels veg inntil 2 år frå Galteråsen til Alver næringsområde. Vegen vert 700 meter lang med ei breidde på ca. 7 meter kjørebane. Med grøft vert det opptil ca. 9,5m breidde på vegen samt 6 meter fylling og 9 meter skjering, dette vil variere.

Vegen vert etablert på gbnr 137/772, gbnr 137/13, gbnr 137/804, gbnr 137/23 og gbnr 137/811.

Det vert elles vist til søknad motteken 10.08.2018 og sist supplert 02.10.2018.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 02.10.2018 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato 25.12.2018.

Planstatus

Området der vegen er søkt etablert, er uregulert og er omfatta av kommunedelplan (KDP) for Knarvik – Alversund 2007-2019.

Vegen kryssar tre føremål i KDP:

- 1) Offentleg føremål (rosa) kode 150
- 2) LNF-føremål utan høve til spreidd utbygging (lyse grøn) kode 210
- 3) Næringsverksemd (blå) (kode 130)

Offentleg føremål (rosa) er satt av til mogleg framtidig skuleområde, jf. KDP pkt. 6.9. Sidan KDP vart vedtatt, har dette endra seg. Det er vedtatt å etablere ny barneskule i Alversund og ungdomsskulen er no flytta til Knarvik. Det følgjer det av KDP at området skal tilbake til LNF, viss ikkje området vert nytta til sitt føremål.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Det er ein grøn korridor ved Alver hjort som vert knyta saman med naturstien som er ein del av eit større friluftsområde. Naturstien og friluftsområdet vert nytta av Ikenberget bustadfelt, Alvermarka bustadfelt samt bebuarar frå Knarvik, Alversund og Hilland. Naturstien er markert med rosa farge på oppsida av vegen på innsendte teikningar og markert med grått på grunnkart matrikkel.

Det er fleire næringsområde i nærleiken som er regulert:

Reguleringsplan Alver næringsområde gbnr 137 bnr. 325 og 469 mfl.

Reguleringsplan Alver næringsområde Sør.

Reguleringsplan Breimyra gnr. 137.

Reguleringsplan Galteråsen gnr. 137.

KDP for Knarvik-Alversund er no i prosess og KDP for Knarvik-Alversund og Alverstraumen skal slås saman til ein kommunedelplan.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå plankravet og LNF-føremål . Det er søkt dispensasjon med slik grunngeving:

Søknad om dispensasjon.

I forbindelse med søknad om bygging av veg fra Galteråsen til Alver næringsområde søkes det om dispensasjon fra krav om reguleringsplan og fra NLF arealformål for bygging av vei.

Begrunnelse for at tiltaket ønskes gjennomført:

- I forbindelse med utbygging av Alver næringsområde er det ønskelig med en bedre tilkomst fra FV565 som er adskilt fra øvrig trafikk på Alvervegen.
- I forbindelse med fremtidig utbygging av Alver Næringsområde Sør er det ønskelig med en bedre tilkomst fra FV565 som er adskilt fra øvrig trafikk på Alvervegen.
- Når veien er bygget er det mulig å legge avløpsledning fra Alver Næringsområde til Galteråsen. Dette er en bedre løsning på avløp enn å føre det til Alvermarka. Løsningen vil gjøre at avløp blir ført direkte inn på Isdal renseanlegg.
- Alver Hjort mottar betydelige mengder tippmasser som benyttes til bakkeplanering i området. Etablering av veg vil gi betydelig reduksjon i tungtransport på Alvervegen og på Alverflaten og vil legge til rette for en fornuftig massedisponering i forbindelse med videre utbygging i Knarvik.
- Sambindingsvei mellom Alver Næringsområde og Galteråsen gir positive synergier for alle aktørene som er etablert og som vil etablere seg i området.
- Arealet er i all hovedsak satt av til utbyggingsområde i gjeldende kommunedelplan. Vegen er gitt ei god plassering med tanke på veg utløsning for framtidige utbyggingsområder.
- Ved å sikre god tilkomst til næringsområdene på oppsiden av Alverflaten bidrar en til å oppfylle målsetningen i samfunnsdelen til kommuneplanen om å sikre Knarvik som et knutepunkt for næringsutvikling.
- Ved å etablere adskilt tilkomst for næringsarealene og bakkeplaneringsprosjektene skiller en tung trafikk fra myke trafikanter og en kanaliserer trafikken til en rundkjøring som gir en betydelig reduksjon i risikoen for ulykker ved på og avkjøring til FV565. Tiltaket vil derfor være med å bidra til å oppfylle kommunedelplan – trafiksikring ved å bedre veiutforminga og gjennomføre fysiske tiltak for å få et veinett med færre ulykker og uten alvorlig skadde.

Utfordringer ved gjennomføring av tiltaket:

- I det partiet der veien går gjennom NLF område er det en etablert tursti som veien vil krysse. Ved etablering av veien vil det bli gjort kompensierende tiltak for å sikre en best mulig kryssing av tilkomstveien. Det vil bli lagt vekt på å bevare mest mulig vegetasjon i kryssningspunktet. Det skal også sikres god fremkommelighet på den del av stien som blir berørt, samtidig som trafiksikkerheten til turgåerne ivaretas. Skilting av kryssende tursti, fotgjengerfelt, samt belysning er tiltak som blir vurdert.

Bestemmelsene det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir ikke vesentlig tilsidesatt. I tillegg er fordelene ved å gi dispensasjon klart større enn ulempene etter en samlet vurdering.

Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn slik uttale frå Fylkesmannen i Hordaland den 02.10.2018:

Uttale til dispensasjon til etablering av veg - Lindås – Gnr. 37 bnr. 469 – Alver.

Vi viser til brev frå kommunen datert 04.09.2018. Saka gjeld søknad om dispensasjon for etablering av veg over Galteråsen.

Vegen vil krysse LNF-formål, offentleg formål og næringsformål i kommunedelplan for Knarvik – Alversund. Kommunen har vurdert at det er naudsynt med dispensasjon frå plankrav og LNF-formål.

Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen si vurdering er at tiltaket er stort med omfattande terrengingrep. Område vegen skal gjennom er ikkje bygd. Deler av området er registrert som eit viktig friluftsområde som skildrast som «*turområde med oppgatte stier og flott utsikt*» jf. kart.naturbase.no.

Område som er offentleg formål er ikkje lenger aktuelt som skuleområde og område der vegen skal gå er tenkt som næringsområde i kommunedelplan for område som no er i prosess.

Fylkesmannen ser det som svært uheldig å byggje ein 700 meter lang veg, med store terrengingrep, igjennom eit viktig friluftområde for det er endeleg avgjort kva verdiar og planinteresser som er knytt til området og kva det etter ei samla, ny vurdering skal nyttast til. Vår vurdering er såleis at bruken av området bør avklarast i overordna plan for ein tek stilling til vegen og då bør vegen eventuelt vere del av ein reguleringsplan for området.

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon til veg.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til søknaden jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagehandsaming.

Det er henta inn slik uttale frå planavdelinga i Lindås kommune den 11.10.2018:

Viser til oversendte søknad om dispensasjon for etablering av veg – Galteråsen – gbnr 37/469 Alver

Planavdelinga vil rå i frå at det vert gjeve dispensasjon til etablering av veg.

Tiltaket gjeld etablering av veg frå Galteråsen til Alver næringsområde med 700m lengde og bredde ca.7m kjørebane.

Med grøft vert det opptil ca. 9,5m. bredde, vegen er vist med opptil 6m fylling og 9m skjering.

Vegen skal krysse gjennom areal avsett til offentlig privat tenesteyting og LNF-område med gjennomgåande naturstiar i gjeldande KDP.

Området ligg innafor kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen som er i prosess og skal ferdigstillast i løpet av våren 2019.

Tiltaket er svært omfattande og vil ha store konsekvensar for framtidig bruk av friluftsområdet.

Slik vegen er vist i søknaden med store terrenginngrep i form av høge skjeringar og fyllingar vil den verte ein stor barriere for friluftslivet i området. Grøntkorridoren som er vist i gjeldande KDP er ein av dei få innfallsportane til turområdet frå bustadområdet i Alvermarka. Det er ein viktig prioritet i kommunedelplanarbeidet å leggje til rette for nærfriluftsliv, at flest mogeleg kan gå frå bustaden sin og ut i tur- og friluftsområde gjer at fleire er fysisk aktive. Uttale frå Trollskogen barnehage viser at området er svært viktig for drifta av barnehagen og tilbodet dei har med eigen friluftsavdeling.

Arealbruk i gjeldande plan

Det er uheldig å etablere vegen før arealbruken i resten av området er avklart. Innspel til endra arealbruk er ikkje handsama i KDP, etablering av veg før området er planlagt vil kunne gje uheldige føringar for framtidig utvikling av området. Ved etablering av vegen no, får ein ikkje sett området under eitt, slik at ein potensielt kan øydelegge for ei optimal utvikling av området og enkelttomtar seinare, anten dette er til tenesteyting, næring eller friluftsliv. Ved regulering av arealet får ein sett på desse ulike behova i samanheng.

Det er gjeve løyve av Formannskapet til midlertidig veg over kommunal eigedom, tiltaket slik det er omsøkt vil framstå som eit permanent tiltak som det er svært kostnaddskrevjande å endre i ettertid. Skal vegen etablerast må den etablerast permanent i samband med ønska utvikling av området.

Avlastning av eksisterande kryss til Alver næringsområde vil være ein positiv konsekvens av etablering av vegen. Det må likevel gjerast heilskaplege vurderingar av korleis området skal utviklast i framtida, der friluftslivinteresser og framtidig arealbehov vert førande for plassering av vegen. Området er i dag ei verdifull arealreserve for kommunen, god planlegging vil sikre best mogeleg utnytting av området.

Det er motteke innspel frå Trollskogen barnehage SA den 28.09.2018:

Innspill til etablering av veg Galteråsen – Alver næringspark

Trollskogen barnehage SA lokalisert i Alvermarka/Ikenberget ser med stor uro på alle grøntområdene som forsvinner i vårt nærmiljø.

Vi ønsker derfor å komme med ett innspill til arkivsak 18/2463 og samtidig en oppfordring til våre politikere i Lindås kommune om å være svært varsom med å godkjenne enda mer industribebyggelse i nærmiljøets skogsområder.

Trollskogen barnehage bruker daglig områdene rundt Galteråsen – Alver som våre turområder. Egen friluftsavdeling ble opprettet nettopp med tanke på de ressursene vi har i nærmiljøet, samt å ivareta barnehagens samfunnsmandat. Barnehagen har flere lavvoer satt opp i området etter avtale med Lindås kommune, se vedlegg.

Barnehagens formålsparagraf §1 sier:

«Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen.» (Lov om barnehager)

Nærhet og gåavstand til grønne ”lommer” ser vi på som essensielt for å skape gode friluftsvaner for våre barnehagebarn. Lek i naturen gir barna naturopplevelser, kreativitet, kroppsbeherskelse og sanseinntrykk.

Barn som får anledning til å leke i et variert utemiljø, får bedre koordinasjon, bedre balanse og bedre orienteringsevne enn barn uten slike muligheter. Barna blir også mer kreative og flinkere til å samarbeide. Naturen er en av de viktigste læringsarenaene barn har.

Vi håper dere tar vår bekymring på alvor når dere vurderer videre utbygging av grøntområdene i barnehagens nærmiljø.

Avtale mellom Trollskogen barnehage AS og Lindås kommune om bruk av areal, datert 28.11.2013:

Avtale mellom Trollskogen barnehage og Eining for eigeendom om bruk av kommunal grunn for oppsett av Lavvo.

Det vises til søknad frå Trollskogen barnehage om bruk av turområde og oppsett av Lavvo på kommunal grunn i Alvermarka. Sjå raud sirkel på figur 1.



Figur 1.

Barnehagen har tidlegare hatt ein avtale med kommunen på bruk av dette området. Denne avtalen vidareførast vederlagsfritt.

Føresetnaden er at Trollskogen barnehage tek alt ansvar for Lavvoen, leikeutstyr og anna dei har på plassen. Dei monterer og demonterer sjølv utstyret.

Om kommunen treng tomta til eige føremål, må Trollskogen barnehage fjerne alt utstyr for eiga rekning. Kommunen vil gi barnehagen minimum 3 vekers varsel.

Med helsing

Einar Færo
Ass. einingsleiar

Therese Urdahl Braseth
einingsleiar


Kai-Olav Kvamme
Dagleg leier Trollskogen
Barnehage

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i planteikningar, tverrprofilar og lengdeprofilar samt oversiktteikning datert 30.07.2018:



Vatn og avløp (VA)

Det er kommunal vassleidning i området lokalisert i og i nærleiken av traseen til naturstien.

Tilkomst, avkøyrsløse og parkering

Med den mellombelse vegen vil tilkomst til Alver næringsområde skje via rundkøyringa på fylkesveg 565.

Terrenghandsaming

Oversiktteikning viser trasé for mellombels veg med 700m lengde og bredde ca. 7 meter køyrebane. Med grøft vert det opptil ca. 9,5 meter bredde på vegen samt 6 meter fylling og 9 meter skjering, men dette vil variere. Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Tiltakshavar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

VURDERING:

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna til plankravet og LNF-føremålet ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammes, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Det er fleire omsyn enn næringsverksemd i området der den mellombelse vegen er tenkt etablert. Området er i stort omfang nytta som friluftsområde for ulike brukargrupper, slik også innspelet frå Trollskogen barnehage viser. Etablering av ein veg slik det går fram av søknaden, vil kunne få negativt konsekvensar for bruk av friluftsområdet. For Alvermarka, Ikenberget og generelt for bebuarane i kommunen er grønt korridoren i området svært viktig for rekreasjon og livskvalitet. Å kunne gå direkte frå bustad og barnehage ut i naturområde er eit viktig folkehelseiltak, og er vektlagt i prosessen med å fatte ny kommunedelplan for området.

Den mellombelse vegen krev store terrenginngrep og tilføring av store mengder masser. Konsekvensane for brukarane i området vil vere store. Det er uheldig at den mellombelse vegen vert etablert før arealbruken av området er avklart med den nye kommunedelplanen som skal vere ferdig i 2019. Ein etablering av vegen på mellombels dispensasjon vil vere eit så omfattande og kostbart terrenginngrep at det vil vere utfordrande å tilbakeføre arealet til si opphavslege bruk.

Innspelet til endra arealbruk er ikkje handsama i ny kommunedelplan. Ved å etablere vegen no, så får ein ikkje gjort ei heilskapleg vurdering av framtidig utvikling av området eller dei brukarinteresser som gjer seg gjeldande.

Med den mellombelse vegen vil tilkomst til Alver næringsområde skje via rundkøyringa på fylkesveg 565. Administrasjonen og planavdelinga finn dette positivt då eksisterande kryss til Alver næringsområde vert avlasta. Likevel må det «... gjerast heilskaplege vurderingar av korleis området skal utviklast i framtida, der friluftinteresser og framtidig arealbehov vert førande for plassering av vegen. Området er i dag ei verdifull arealreserve for kommunen, god planlegging vil sikre best mogleg utnytting av området.», sjå planavdelinga si uttale siste avsnitt.

Faren ved å gje enkeltvise dispensasjonar er at ein mister kontroll over utviklinga i området. Ein dispensasjon til ein mellombels veg vil kunne skape forventningar om at det vert gitt dispensasjon til andre næringsrelaterte tiltak i området (presedensverknad).

Føremålet med noverande dispensasjon er å kunne nytte areal til næringsføremål utan at området har vore gjennom ein planprosess. Ein slik praksis svekker i vesentleg grad kommunedelplanen som

styringsdokument og særleg med tanke på at kommunedelplanen er i prosess og skal ferdigstillast våren 2019.

På bakgrunn av dei konsekvensane etableringa av ein mellombels veg av dette omfanget vil kunne ha for området, samt verknaden for framtidig arealdisponering og sikring av friluftsiinteresser er det administrasjonen si vurdering av ein dispensasjon i denne saka vil sette omsyna bak plankravet og omsyna bak friluftsiinteressene (LNF-føremålet) vesentleg til side.

I tillegg er det kome uttale frå Fylkesmannen som rår i frå dispensasjon. Dei presiserer at den mellombelse vegen er eit omfattande terrenginngrep i eit ubygd område. Deler av området er registrert som eit viktig friluftsområde som skildrast som «turområde med oppgatte stier og flott utsikt», jf. kart.naturbase.no. Administrasjonen viser særleg til avsnitt 5:

Fylkesmannen ser det som svært uheldig å byggje ein 700 meter lang veg, med store terrenginngrep, igjennom eit viktig friluftsområde før det er endeleg avgjort kva verdiar og planinteresser som er knytt til området og kva det etter ei samla, ny vurdering skal nyttast til. Vår vurdering er såleis at bruken av området bør avklarast i overordna plan for ein tek stilling til vegen og då bør vegen eventuelt vere del av ein reguleringsplan for området.

Administrasjonen er samd i Fylkesmannen sin uttale om at den mellombelse vegen bør avklarast i overordna plan og ikkje gjennom ein dispensasjon. Uttalen er eit tungt argument for å ikkje gje dispensasjon då kommunen ikkje bør tilrå dispensasjon dersom regional styresmakt har uttalt seg negativ til dispensasjonssøknaden, jf. pbl. §19-2 fjerde ledd.

Begge vilkåra for å gje dispensasjon må vere oppfylt for at dispensasjon skal kunne gis. Sidan det første vilkåret ikkje er oppfylt, så går ikkje administrasjonen inn på ein nærare vurdering av om det andre vilkåret er oppfylt.

Administrasjonen finn at vilkåra for å gje dispensasjon frå plankravet og arealføremålet LNF i kommunedelplan(KDP) for Knarvik – Alversund 2007-2019 ikkje er oppfylt, jf. pbl. § 19-2.

Krav om reguleringsplan for større bygge- og anleggstiltak, jf. pbl § 12-1 3.ledd

Det følgjer av pbl § 12-1 3.ledd at «For gjennomføring av større bygge- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlige virkningar for miljø og samfunn, kreves det reguleringsplan. Tillatelse etter § 20-2, jf. 21-4 for slike tiltak, kan ikkje gis før det foreligger reguleringsplan. »

Det går ikkje fram av loven kva som ligg i ordlyden «større bygge- og anleggstiltak». I Ot.prp.nr. 32 (2007-2008) på s. 228 står det at «Vurderingen av hva som er «større bygge- og anleggsarbeider» må bero på en konkret vurdering ut fra de forhold som gjør seg gjeldende på stedet og i saken. I bestemmelse til kommuneplanens arealdel kan det ut fra byggstørrelse, antall osv. fastsettes når tiltak utløser krav om utarbeiding av reguleringsplan.

Visse tiltak vil alene i kraft av størrelsen utløse reguleringsplikt. I andre tilfeller kan tiltak som ikke i seg selv er så store, men der virkningene for omgivelsene er omfattende eller usikre, føre til reguleringsplikt. Dette kan være aktuelt for tiltak som plasseres i sårbare områder med f.eks. særlig verdifullt kultur- eller

naturlandskap, områder som er preget av bevaringsverdig bebyggelse eller på annen måte har særlig vernekarakter. Normalt vil bygge- og anleggstiltak i nye byggeområder være å anse som større bygge- og anleggsarbeider som vil kreve reguleringsplan, med mindre det er gitt bestemmelser i kommuneplanens arealdel om mindre og spredt utbygging etter § 11-10 nr. 1 og § 11-11 nr. 1 og 2.»

I denne saka er det snakk om å etablere ein mellombels veg inn i eit urørt område, som skal knytte to regulerte næringsområde saman. Det vil vera snakk om store mengder massar som skal førast inn i området. På bakgrunn av dette og dei forholda som kjem fram under dispensasjonsvurderinga over, er det administrasjonen si klare vurdering av dette er eit tiltak som i seg sjølv vil krevje regulering etter pbl § 12-1 3.ledd.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå plankravet og arealføremålet LNF i kommunedelplanen (KDP) for Knarvik – Alversund 2007-2019 for etablering av mellombels veg inntil 2 år – Galteråsen.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/2463

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Romarheim AS	Alvervegen 25	5911	ALVERSUND
Trollskogen Barnehage Ikenberget	Stølen 13	5911	ALVERSUND
Sa			

Kopi til:

Trollskogen Barnehage Ikenberget Stølen 13 5911 ALVERSUND
Sa

Mottakarar:

Romarheim AS Alvervegen 25 5911 ALVERSUND